

Samandrag Soga om Torgils og Havlide / *Porgils saga ok Haflíða*:

Tala er kapittelnummer

Historie om striden mellom storhovingane Torgils Oddeson på Staðarhóll nord på Vest-Island, Havlide Måsson på Nord-Island, ikring 1120.

1. Lågt i samfunnet, vulgært og komisk

- Presentasjon av hovudpersonar: Torgils og Havlide. **Må, brorsonen til Havlide**, er skarv og kødd.
- **Fyrste strid**: Må blir fostra av Tord Ruvøyskald, som er leiglending hos Torgils. Må går til åtak på Tord, og Torgils reiser sak mot Havlide. Referat om den striden. Kap. 1-3
- **Opphavet til hovudstriden**: **Olav Hildesson** er legdegut som får hjelp hos Torgils; sender han til Strandir på fiske. Får hyre hos Må, men må godta skammelege vilkår, og etter sesongen nektar Må han lott og tek frå han alt. 4
- Torgils gjev Olav øks og legg opp til at han skal hemne seg. Må er hos **Neite**, som er tingmann for Havlide. Olav hogg Må i låret, og Må drep ein mann som har hindra han. Havlide kallar Må for ætteskam, men må ta imot han. 5
- Havlide gjev Neite bot for drapet. 6
- Må og omstreifar valdtek (?) kona og dottera til Neite. Under flukt får omstreifaren hogg i rumpeballe. 6
- Må får ordna det så ein mann drep Neite; mannen druknar. 6
- Havlide må ta imot Må; ville helst sagt han or ætta. 6
- Torgils tek på seg saka mot Havlide for drapet på Neite. Gjev enkja lita bot straks, og skal sjølv ha eventuell bot frå Havlide. Havlide reiser sak mot Torgils for Olav sin skade på Må. 7-8
- Torgils får stor bot for Neite. Olav blir fredlaus, men skal vera trygg i lag med Torgils og på hans grunn. 8
- Må prøver å drepa Olav på myrslått hos Torgils, blir sitjande fast i myra, jaga av kvinner. 9
- Bryllaupet på Reykjahólar i 1119. Torgils får Tord Torvaldsson til uven pga. ufin skjemting om mageproblema til Tord. 10
- **Grim Snorreson** blir audmjuka av Olav og andre i ball-leik. Grim drep Olav på marka til Torgils, etter å ha fått lovnad frå Havlide om støtte. Havlide får han ut or landet. 11

2. Høgt i samfunnet, seriøst

- Fredlause **Kjetil** kjem til Torgils, som sender han til Havlide; drep ein mann hos Havlide. 13
- Havlide reiser sak mot Torgils for drapet, og Torgils mot Havlide for drapet på Olav. Begge med mange mann på alltinget, blir ikkje forlik.
- **Spenningshøgdepunkt (?)**: Då skal domstolen avgjera, men Havlide prøver å sprengje retten. Torgils prøver å drepa Havlide, hogg tre fingrar av han. 15-18
- Torgils dømd fredlaus, men sit på garden sin som før, med liten hær ikring seg. 18
- Torgils samlar hær som hindrar feransdomen heime hos seg. 19-19
- **Året etter**: Havlide kjem fyrst til alltinget, med 12 storhundre mann, vil hindre fredlause Torgils å ri inn på helga ting. Torgils kjem med 9 storhundre mann. Biskop Torlak Torhallsson avverjar strid, men får ikkje til forlik. Spend situasjon. 20-28
- **Spenningshøgdepunkt (?)**: Kjetil Torsteinsson fortel likning om audmjukheit og tillit til Gud; får Havlide til å godta forlik. Det gjer at Havlide vel Kjetil som ny biskop på Hólar (N-Is.) etter Jon Ogmundsson den heilage, som nyss var død. 29-30
- **Forliket**: Havlide får så mykje gods han vil, og krev verdi = 12 gjennomsnittsgardar, men Torgils skal sleppe fredløyse og få behalde gard og gørdord. 30-31
- Torgils får like mykje i gáve av slekt og vener som han bøtte, og vinn stor heider. 32
- Torgils gjev Havlide gilde gáver attpå, og dei stør kvarandre resten av livet. 32

Eldar Heide, 25.10.2011

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgje kjelde: eldar-heide.net